

DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømmeråd

Det Kgl. Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartement
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 13.04.2011

Vår ref: 06/20-26 GR

Deres ref: 10/302

Høyringsvar: Kyrkjeforliket – konsekvensar av eventuelle endringar i Grunnlova sine reglar om statskyrkjeordninga i stortingsperioden 2009-2013

Stavanger bispedømmeråd takkar for høyringa "Kirkeforliket – konsekvenser av eventuelle endringar i Grunnlovens bestemmelser om statskirkeordningen i stortingsperioden 2009-2013". Stavanger bispedømmeråd handsama saka i møte 08.03.2011.

Vi ser på dei framlagde grunnlovsendringane som ein naturleg og ønskjeleg konsekvens av at samfunnstilhøva er endra og at Den norske kyrkja skal få ein ny relasjon til staten. Grunnlovsendringane vil sikre nødvendig likebehandling av trus- og livssynssamfunn, samtidig som folkekyrkja vert ført vidare med kontinuitet.

Den politiske avtalen av 10.april 2008 om kyrkjeforliket er eit viktig første steg mot den nye relasjonen mellom staten og Den norske kyrkja. Stavanger bispedømmeråd er grunnleggjande samde om forslaga til grunnlovsendringar og dei andre regelendringane som høyringa gjer greie for. Gjennom forfatningsendringane vert Den norske kyrkja styrka som sjølvstendig trussamfunn, samtidig som trus- og livssynsfridomen i det norske samfunnet vert styrka.

Vi merkar oss at nokre endringsforslag har eit visst midlertidig preg, og at utviklinga mot sjølvstendigjering av Den norske kyrkja vil gå skrittvis. Vi ser tydeleg at mange av dei løysingane som no vert fremma ikkje går så langt som ein skulle ønskje. Vi vil likevel gje ros for at departementet i høyringa finn gode løysingar innanfor dei rammene som kyrkjeforliket set for utviklinga i dei næraste åra.

Stavanger bispedømmeråd ser med forventning fram til nye reglar for organiseringa innanfor Den norske kyrkja og resultata av dei utgreiingane som er under arbeid på det forvaltningsmessige og organisatoriske området i kyrkja. Vi legg til grunn at høyringa sine forslag om grunnlovsendringar er nødvendige for at Den norske kyrkja skal kunne bli eit sjølvstendig trussamfunn og rettssubjekt. Etter grunnlovsendringane er gjort, vil det vere gode rammer for å vedta ny kyrkjelov og kyrkjeordning.

Når det statlege kyrkjestyret vert endra, meiner vi i utgangspunktet at det myndet som i dag ligg til Kongen og departementet må leggjast til Kyrkjemøtet som det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Samstundes må Kyrkjemøtet kunne delegere mynde vidare til Kyrkjerådet og andre kyrkjelege organ. Kyrkjemøtet er det naturlege


organet for å fastsetje liturgiane for Den norske kyrkja. Det same gjeld generelle reglar for bruk av kyrkjene.

Stavanger bispedømmeråd ser at kyrkjeforliket har ein føresetnad om at prestane framleis skal vere statstenestemenn, og at departementet i høyringa legg til grunn at tenesteordningane for prestar framleis skal fastsetjast av departementet. Vi er ikkje tilfredse med at departementet, som øvste statlege arbeidsgjevar for prestane, skal gjere vedtak med læremessige implikasjonar. Det er problematisk at det øvste styringsorganet for prestetenesta ikkje skal ha vedkjenningsplikt. Derfor må dette organet så langt som mogeleg avstå frå å ta avgjerder med læremessige implikasjonar. Vi meiner at når departementet som arbeidsgjevar handsamar saker med læremessige implikasjonar, må det vere ordningar og prosedyrar som sikrar at kyrkjelege organ tek avgjerd om det læremessige.

Når det gjeld arbeidsgjevaransvar for prostar, er vi av den klare oppfatning at tilsetjings- og disiplinærmyndet må leggjast til bispedømmeråda. Bispedømmeråda har allereie i dag god kompetanse som arbeidsgjevar på desse områda. Prostane er lokale leiarar og bispedømmerådet er nærast til å kjenne behova i prostia. Samstundes vil bispedømmeråd vere i stand til å ta omsyn til kyrkja som heilskap. Vi vil også peike på Kyrkjemøtevedtaket frå 2008 (sak KM 12/08) som m.a. seier at: "Kirkemøtet ber om at tilsetting av proster allerede nå overføres til bispedømmerådet."

Når det gjeld tilsetjing av biskopar, ser vi det som den beste løysinga at desse vert tilsette av Kyrkjerådet. Ordninga for tilsetting av biskopar må vere ein demokratisk prosess. Prosessen må vere forankra i kyrkja sine demokratiske styringsorgan, ivareta omsynet til bispedømmet sine ønske og til kyrkja som heilskap.

Ut over dette, sluttar vi oss til den einstemmige høyringsuttalen frå Kyrkjemøtet 2011.

Med helsing

Åge Bognø e.f.
stiftsdirektør

Kopi til:
Kyrkjerådet